

**12**/2011

**NOTAT**

Hallgerd Conradi og Kåre Heggen

# **DEI NYE STUDENTANE PÅ BARNEVERNSPEDAGOG- OG SOSIONOMSTUDIET 2011**



**HØGSKULEN I VOLDA**



**MØREFORSKING**

<b>Forfattar</b>	Hallgerd Conradi og Kåre Heggen
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>ISSN</b>	1891-5973
<b>Sats</b>	Forfattar
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/notat">http://www.hivolda.no/notat</a>

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegne i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### **Om notatserien**

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

## **Forord**

Institutt for sosialfag fekk eit ekstra stort kull med nye studentar på studia i barnevernspedagogikk og sosionom hausten 2011. Særleg på sosionomstudiet auka søkinga sterkt frå 2010 til 2011. Vi vart derfor interesserte i å finne meir ut om kva bakgrunn dei nye studentane hadde, og kva deira motivasjon var for å søke seg til desse studia ved Høgskulen i Volda. Vi laga derfor eit lite spørjeskjema som vart delt ut til studentane den første veka på høgskulen i august 2011. Ikkje alle dei nye studentane var til stades denne dagen, og nokre har truleg ikkje svara. Men som vi skal vise i dette vesle notatet, har vi svar frå 124 studentar, eller om lag 80 prosent av dei som var registrerte som nye studentar ved opptaket.

Vi samlar no studentane sine svar i dette notatet som vil vere tilgjengeleg for studentane og tilsette ved instituttet og høgskulen elles. Tanken er også at liknande undersøking kan gjerast komande år, slik at vi får betre oversyn over rekrutteringa til studia over tid.

Høgskulen, oktober 2011

Hallgerd Conradi

Kåre Heggen

# Dei nye studentane på barnevernspedagog- og sosionomstudiet 2011

## Bakgrunn

Då det nye kullet starta opp i august 2011, vart det delt ut eit lite spørjeskjema for å sjå kven som starta på studiet dette året, kvifor dei søkte seg til studiet ved HVO, og i nokon grad kva oppfatningar dei har av det studiet dei no startar på.

Det var 124 studentar som svara på dette skjemaet – dvs. rundt 80 prosent av dei som var registrerte som nye studentar. Dette notatet gir oversikt over svara frå desse 124.

## Kjønn og alder

79 prosent av studentane er kvinner, 21 prosent menn – og dette mønsteret er nokså likt på barnevern (76 prosent kvinner) og sosionom (81 prosent).

Det er mange unge studentar. Som fig. 1 syner, er 64 prosent av studentane 22 år eller yngre, 26 prosent er 23-29 år, 6 prosent 30-39 år, og 5 prosent 40 år eller meir. Aldersfordelinga er nokså lik mellom dei to studiane.




Fig. 1 viser alderen på studentane

## Landsdel

Det er mange studentar frå Møre og Romsdal – til saman 47 prosent, nokså likt fordelt på dei to studia. 13 prosent kjem frå kommunane Volda og Ørsta, 18 prosent frå Sunnmøre elles, og altså 16 prosent frå fylket, utanom Sunnmøre.

Men rekrutteringa av studentar frå resten av landet er stor i dette kullet, og så langt er det grunn til å tru at denne er større i dette kullet enn tidlegare kull. Figur 2 gir eit oversyn over rekrutteringa. 47 prosent altså frå Møre og Romsdal, 22 prosent frå Sør-Vestlandet (Sogn og Fjordane til Rogaland), 6 prosent frå Sørlandet, inklusiv Telemark, 13 prosent frå Austlandet, 6 prosent frå Trøndelag, samt 7 prosent frå Nord-Noreg.




Fig. 2 viser kvar dei nye studentane kjem frå i landet

## Prioritering

Heile 82 prosent av studentane svara at studiet dei har kome inn på, var deira førsteprioritet. Her er det noko uklart om dette gjeld studiet ved HVO, eller om det gjeld barnevernspedagog og sosionom generelt. Truleg er det den siste tolkinga som gjeld for nokre, som kanskje har søkt primært andre høgskular. Dette kan vere ei delforklaring på at det er så pass mange studentar frå andre delar av landet.

Det er her noko skilnad mellom studia på spørsmålet om førsteprioritet. 73 prosent av barnevernsstudentane har kome inn på sin førsteprioritet, men heile 91 prosent av sosionomstudentane.

Det er også interessant å sjå at til saman 68 prosent av studentane svarar at dei fekk interesse for dette studiet i barndommen eller ungdomstida (dei aller fleste i ungdomstida). Svara er nokså like mellom studia her.

## Grunngjevingar for valet av studiet

Til slutt skal vi sjå på nokre av grunngjevingane studentane brukar for å ha valt det studiet dei er i gang med. Figurane 3-10 viser svara.

### For å gå inn i eit bestemt yrke

På spørsmål om dei har valt denne utdanninga for å gå inn i eit bestemt yrke, svarar 48 prosent at påstanden passar svært godt eller godt (1 eller 2 på 5-delt skala).



Fig. 3. Har valt denne utdanninga for å gå inn i eit bestemt yrke

### Visst i fleire år at ein vil ta denne utdanninga

Her svarar 36 prosent at det passar svært godt eller godt




Fig. 4. Har visst i fleire år at eg ville ta denne utdanninga

*Viktig å velje relativt kort utdanning*

Heile 76 prosent svarar her at dette ikkje passar (4 eller 5 på 5-delt skala)




Fig. 5. Viktig for meg å velje relativt kort utdanning

*Sikker på at ein har valtrett utdanning*

67 prosent svarar positivt, dvs. 1 eller 2 på skalaen




Fig. 6. Eg er sikker på at eg har valtrett utdanning

Ville studere på denne staden

Her svarar 58 prosent positivt, dvs. 1 eller 2




Fig. 7. Eg ville studere på denne staden

Kunne like gjerne valt ei anna utdanning

Vi ser at berre 6 prosent støttar denne påstanden – dvs. svarar 1 eller 2




Fig. 8. Eg kunne eigentleg like gjerne valt ei anna utdanning

### Gode jobbmuligheter med slik utdanning

72 prosent svarar positivt (1 eller 2) på denne påstanden. Her finn vi ein skilnad mellom studia. 63 prosent av studentane på barnevern svarar positivt på spørsmålet, 81 prosent av sosionomstudentane.




Fig. 9. Gode jobbmuligheter med slik utdanning

### Vidareutdanning/master

På spørsmål om det er aktuelt å satse på vidareutdanning/master etter grunnutdanninga, svarer 61 prosent positivt (1 eller 2). Svara er her nokså like mellom dei to studentgruppene.




Fig. 10. Aktuelt for meg å ta vidareutdanning/master etter grunnutdanninga

## Motivasjon

Undersøkinga ga elles høve for studentane å formulere med eigne ord kva som fekk dei til å søkje seg inn i studiet. Spørsmålet var formulert slik: «Kva vil du seie var den viktigaste grunnen til at du har starta på dette studiet?». Det er ikkje uvanleg at ein hoppar over denne type spørsmål i ei kvantitativ undersøking ettersom det tek lenger tid å skulle tenkje seg om og formulere seg. Når 119 av 124 av dei nye studentane valde å svare på dette spørsmålet, er det i seg sjølv ein klår indikasjon på at svært mange er reflekterte over eige studieval. Vi skal her kort ta for oss desse svara. Ettersom nokre gir opp fleire motiv, dreiar det seg i alt om 204 individuelle grunngjevingar. Ser ein nærmare på dei, ser vi at dei følgjer visse mønster, samstundes får dei fram variasjon i vurderingane. Vi har plassert svara i ulike kategoriar, men som lesaren vil sjå, er desse i nokon grad overlappande. I dei sitata som er refererte, har vi utelatt nokre som vi trur kan identifisere den som har svara.

### *Yrket og faget i seg sjølv*

I mange av svara finn vi att ei grunnleggjande interesse for menneske og tru på yrket. Etter vår vurdering hamnar 54 av svara i denne kategorien. Det omfattar også at yrket er spennande og utfordrande, at det er viktig for samfunnet, gir gode jobbmuligheter og at ein har interesse for faget i seg sjølv. Her skal vi sjå på nokre av utsegna:

- *Eg likar å jobbe med menneske og synes faga høres interessante ut.*
- *Eg har alltid hatt lyst til å jobbe med mennesker, og har lenge hatt lyst til å jobbe med mennesker i vanskelege situasjonar. Og hjelpe folk til ein betre livskvalitet.*
- *For å få ei god utdanning med gode jobbmuligheter, jobbe innanfor eit yrke der ein kan hjelpe andre.*
- *Har hatt lyst til dette ei stund nå, så det er nok den viktigaste grunnen for at eg valgte å ta denne utdanninga.*
- *Har jobba 5 år på ein barnevernsinstitusjon. Ble sikker under de 5 åra.*
- *Eg liker å jobbe med mennesker, og det å få hjelpe medmennesker til et betre liv er noe som inspirerer meg.*
- *Spennende og variert arbeid som forhåpentligvis vil hjelpe dem som har det vanskelig. Man kan også arbeide i andre deler av verden som også er viktig for meg.*
- *Har endeleg muligheten til å ta dette studiet som eg har hatt ønske om å starte på i så mange år. Ønsker å utvikle og auke min kunnskap om det å jobbe med og hjelpe i hovudsak barn og unge.*

### *Altruisme*

Sosialt arbeid har ein altruistisk tradisjon, som i nokon grad er avspeglia i den førre kategorien, men som også kjem til uttrykk i direkte svar. Vi talar her om ei grunnleggjande tru på gode handlingar og mellommenneskeleg ansvar i sosialt arbeid. I denne kategorien er 35 av utsegna samla, der mange legg vekt på kor viktig det er å hjelpe andre:

- *Det å hjelpe/jobbe med andre mennesker, vite at du bidrar til å forbedre deres hverdag.*
- *Eg vil jobbe med menneske og hjelpa andre til å få det betre. Eg ser også på sosialt arbeid som svært viktig for samfunnet.*

- *Er interessert i barn og unge og vil jobbe med noe der eg får kontakt med de og faktisk gjøre en forskjell.*
- *For å få muligheten til å hjelpe andre som er i vanskelige situasjoner.*
- *Gjøre forskjell for enkeltmennesker. Jobbe saman med mennesker (kollegaer og klienter).*
- *Har en far som jobber i barnevernet så er blitt interessert pga. det. Og så vil eg hjelpe andre.*

### *Jobbe mot bestemte grupper*

Motivasjon for å søkje sosialarbeidarstudiet kan for somme vere eit målretta engasjement for bestemte grupper. Av dei svara vi har samla under denne kategorien, kjem 38 av dei nye studentane i denne kategorien:

- *Har et ønske om å hjelpe folk og jobbe innanfor rusproblematikk.*
- *Har en bror med ADHD og har sett mange problem og vanskar han har møtt gjennom livet både heime og på skule. Ønsker å hjelpe barn som er i same situasjon eller som har det vanskeleg på andre område.*
- *Rusomsorg barn/ungdom. Drømmen er å opne en egen institusjon for barn/unge med rusproblem.*
- *Sto lenge mellom barnevern og sjukepleiar. Valgte barnevern for å hjelpe barn med spiseforstyrrelse. Spisevegring starta i de fleste tilfelle av ei problemstilling i heimen bland barn og unge.*
- *Begynte å jobbe på en barnevernsinstitusjon for mindreårige asylsökere når eg var 16 år. Da fant eg ut det var noe eg kunne trives å jobbe med. Har alltid interessert meg for mennesker generelt.*

### *Personlege røynsler*

Å søkje denne type utdanning kan ofte vere motivert av eigne personlege røynsler og at ein har møtt andre menneske som har hatt behov for hjelp. Nokre av studentane – kanskje færre enn det vi trudde – gir dette som motivasjon for å starte studiet, somme i kombinasjon med annan motivasjon. Det er 28 av studentane som peiker på denne type motivasjon. Her er nokre av utsegna:

- *Det er veldig interessant, spennande og givande. En dårlig bakgrunn har vært med på å gi meg lyst til å jobbe med mennesker som har det vanskeleg. Mange muligheter og lett å få jobb.*
- *Eg er svært interessert i å hjelpe folk. Opptatt av at andre skal ha det bra. Er fra ein familie med vanskelige sjukdommar, og ser fram til å hjelpe andre som kanskje er i same situasjon.*
- *Har vokst opp med 2 fosterbrødre sidan eg var 13-14 år, og fått sett saken frå den sida. Ser at det er et viktig arbeid og eg har hjerte for at barn og unge skal få vokse opp i trygge og stabile hjem.*
- *Eg har hatt å gjøre med NAV og føler at eg kan gjøre en god jobb, med tanke på livserfaring og val i livet. Eg kan ha betre grunnlag enn mange til å forstå f.eks. klienter.*

Oppsummert kan vi vel slå fast at studentane har gitt oss mange interessante svar – som vitnar om ei motivert studentgruppe.